



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	30.04.2025
Møtetid:	16:00 - 17:00
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Odd-Marthin Totland	medlem	H	
Frank Erik Øksnes	medlem		
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer Myklebusthaug	medlem	H	
Oskar Nordgard	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Reidar Øksnes	MEDL	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore, møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 36/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 30. april 2025	
PS 37/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 10. april 2025	
PS 38/2025	Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør	
PS 39/2025	Val av styre- og varamedlem til Fensfjorden kjernekraft AS	

PS 36/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 30. april 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 36/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 30. april 2025
Kommunestyret - 30.04.2025

Handsaming:

Ordførar refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 36/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 30. april 2025
Kommunestyret - 30.04.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 37/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 10. april 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sak 37/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 10. april 2025

Kommunestyret - 30.04.2025

Handsaming:

Per Lerøy (Ap) la fram desse kommentarane til protokollen:

- Spørjetimen må leggjast inn som eiga sak i sakslista.
- Spørsmåla som er stilt må leggjast inn i saka.
- Svar på spørsmåla må leggjast ved protokollen.
- Ordførar og kommunedirektør må ha bordmikrofonar med sikker straumforsyning som sikrar at tilhøyrarar som følgjer strøyminga får med seg svara som blir gitt.

Ordførar refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 37/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 10. april 2025

Kommunestyret - 30.04.2025

Møteprotokollen frå møtet 10. april vart godkjent.

PS 38/2025 Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet delegerer ansvaret for å starta arbeidet med å rekruttera ny kommunedirektør, til ordførar Morten Sognnes. Dette omfattar utsending av brev til ulike tilbydarar av rekrutteringsbistand.

Økonomisk ramme for arbeidet må avgjerast av kommunestyret, om mogleg i møte 14. eller 15. mai 2025.

Sak 42/2025 Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Handsaminga av denne saka var lukka, med heimel i Offentleglova § 23 1. ledd.

Ordførar Morten Sognnes orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Per Lerøy (Ap) tok opp at ramma for konsulentbistand bør reduserast til 150.000 kroner, utifrå at det er mogleg å bruka ein del interne ressursar i dette arbeidet med rekrutteringsprosessen.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), Ann Kristin Leirvåg (Ap) og Hege Ramsland (H) viste til at dersom ein skal organisera denne prosessen internt, er det viktig å sikra at det er godt organisert.

Formannskapet diskuterte og kom fram til eit nytt fellesframlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak, fellesframlegg.

Vedtak i sak 42/2025 Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør
Formannskapet - 24.04.2025

Formannskapet delegerer ansvaret for å starta arbeidet med å rekruttera ny kommunedirektør, til ordførar Morten Sognnes. Dette omfattar utsending av brev til ulike tilbydarar av rekrutteringsbistand.

Økonomisk ramme for arbeidet må avgjerast av kommunestyret, i eige møte.

Tingingsutvalet og interne personalressursar må nyttast til utforming av annonse og til systematisering av innkomne søknadar. Tingingsutvalet vel ut kandidatar til førstegongs intervju etter innstilling frå interne personalressursar eller konsulentar. Dersom tingingsutvalet ønskjer å testa kandidatar før andre gongs intervju, kan ein nytta konsulentar til dette. Ordføraren bestemmer bruk av konsulentar i prosessen. Ramma for bruk av konsulentar vert sett til kr 200.000,-.

Sak 38/2025 Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør
Kommunestyret - 30.04.2025

Handsaming:

Aslak Bakke (H) kommenterte at ramma for konsulentbruk er sett lågare no enn tidlegare. Det er OK, men viktig å lysa ut og få rett person.

Ordførar Morten Sognnes (H) kommenterte at ramma var lågare no, men har alt fått interesse frå enkelte firma allereie, og trur det skal vera mogleg å halda denne ramma. Treng heller ikkje bruka så mykje.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at det er viktig at kommunestyret får vera med å setta kriteria for utlysinga, og ba om at det vart vektlagt ganske sterkt erfaring og forståing av det som skjer i industrien, sidan det er sagt at ein må vera frampå med tanke på industrien i regionen.

Ordførar Morten Sognnes (H) sa at det skal vera i fokus også på næringslivet, og det har det vore før også.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) sa at det er bra med fokus på næringslivet, men hovudfokus for ein kommunedirektør må vera innbyggjarane.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at han støtta å ha fokus på innbyggjarane, men viste til at industri og næringsliv også er viktig for innbyggjarane.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 38/2025 Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør
Kommunestyret - 30.04.2025

Kommunestyret delegerer ansvaret for å starta arbeidet med å rekruttera ny kommunedirektør, til ordførar Morten Sognnes. Dette omfattar utsending av brev til ulike tilbydarar av rekrutteringsbistand.

Tingingsutvalet og interne personalressursar må nyttast til utforming av annonse og til systematisering av innkomne søknadar. Tingingsutvalet vel ut kandidatar til førstegongs intervju etter innstilling frå interne personalressursar eller konsulentar. Dersom tingingsutvalet ønskjer å testa kandidatar før andre gongs intervju, kan ein nytta konsulentar til dette. Ordføraren bestemmer bruk av konsulentar i prosessen. Ramma for

bruk av konsulentar vert sett til kr 200.000,-.

PS 39/2025 Val av styre- og varamedlem til Fensfjorden kjernekraft AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune oppnemner ein styrerepresentant og ein vararepresentant til Fensfjorden Kjernekraft AS, i samsvar med aksjonæravtalen vedteken i KS 10.04.2025 mellom Norsk Kjernekraft AS og Austrheim kommune. Følgjande representantar er føreslegne vald inn:

Styremedlem: Morten Sognnes, Ordførar

Varamedlem: Bjarthe Rosenlund, Kommunalsjef Samfunn

Sak 39/2025 Val av styre- og varamedlem til Fensfjorden kjernekraft AS

Kommunestyret - 30.04.2025

Handsaming:

Kari Anne Fadnes (Uavhengig) ba om at framlegget til styremedlemmer vart endra på varaplass, frå Bjarthe Rosenlund til Frank Erik Øksnes.

Renee Semmingsen (Samlingslista), ba om at varaplassen gjekk til opposisjonen, og hadde framlegg på Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), med atterhald om at Dyrkolbotn sa seg villig til å ta vervet.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om at kommunestyret først diskuterte korleis det fungerer for eit slikt aksjeselskap, til forskjell frå eit interkommunalt selskap. Dyrkolbotn svara ikkje på om han var ein mogleg kandidat.

Per Lerøy (Ap) sa at det i eit slikt aksjeselskap er selskapet ein skal tenka på, og ikkje kommunen. Lerøy spurte om det er Morten Sognnes som ordførar eller Sognnes som person som er innstilt. Her svara Morten Sognnes at det er sjekka med andre kommunar, og at det er ordførarposisjonen som stiller som medlem i styret.

Det var pause i møtet, for gruppemøte:

Renee Semmingsen trakk sitt framlegg om Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp).

Monika Thorpe (Ap) la fram framlegg på vegner av Høgre, Ap og Uavhengig, om at Morten Sognnes vert medlem som styremedlem, og Frank Erik Øksnes som varamedlem.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om varigheit på perioden, med denne endringa. Her svara Morten Sognnes (H) at det er vanleg for eit aksjeselskap som dette med ei utskifting der halve styret (faste medlemmer) vert skifta annakvart år, medan varamedlemmer vert skifta kvart år eller annakvart år, og styreleiar er kvart år.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at det er vanskeleg å stilla seg bak fellesframlegget frå Ap, H og Uavhengig når ein ikkje kjenner vedtektene og varigheit på verva, særleg når det er person og ikkje roller ein vel. Semmingsen ba om utfyllande svar på dette.

Per Lerøy (Ap) viste til lovverket for aksjeselskap, der det normale er to års tenestetid for styremedlemmer.

"Funksjonstida for styremedlemmer er to år" vart lagt til framlegget frå Høgre/Ap og Uavhengig.

Ordførar refererte dei to framlegga til vedtak, framlegget frå Høgre/Ap og Uavhengig opp mot kommunedirektøren sitt framlegg.

Handsaming i kommunestyret:

Framlegget frå Høgre/Ap og Uavhengig vart vedteke med 12 mot 4 fire røyster. Dei som røysta mot var Gro Kaland (Sp), Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), Renee Semmingsen (Samlingslista og Ingeborg Lohne Hordvik (Samlingslista).

Vedtak i sak 39/2025 Val av styre- og varamedlem til Fensfjorden kjernekraft AS
Kommunestyret - 30.04.2025

Fellesframlegg for Høgre, Ap og Uavhengig:

Austrheim kommune oppnemner ein styrerepresentant og ein vararepresentant til Fensfjorden Kjernekraft AS, i samsvar med aksjonæravtalen vedteken i KS 10.04.2025 mellom Norsk Kjernekraft AS og Austrheim kommune. Følgjande representantar er føreslegne vald inn:

Styremedlem: Morten Sognnes

Varamedlem: Frank Erik Øksnes

Funksjonstida for styremedlemmer er to år.